

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger  
Attn: Ordfører/Rådmann

Manger 24.06.2015

## LEIGEAVTALE I RADØY KOMMUNE SITT TELT / DYKKAR VARSLING OM MOGELEG OPPSEIING.

I telefonsamtale med Einar Færø 10 juni 2015 vart me varsla om at duken på teltet skal bytast i august i år og at me må flytta våre saker vekk før den tid. Dessutan at me helst må flytta ut frå teltet. Dersom me ikkje flyttar vil leiga verta indeks regulert, noko som er i henhold til normal leigeavtale.

Me vil då minna om leigeavtalen som har ei oppseiingstid på 6mnd.

Å leiga i teltet dykkar er inga optimal løysing for oss heller. Difor vart det i si tid teke kontakt med dåverande assisterande rådmann Leif Taule om dette. Det vart då drøfta ei løysing der Risnes Elektro skulle byggja eit lagerbygg på tomta der teltet står i dag eller like ved. Radøy kommune kunne då vera interessert i å leiga delar av bygget til sine formål.

Etter dette vart det skipa til eit møte med Radøy kommune der Tore Rikstad og Lisbeth Alver møtte. Frå oss møtte dåverande styreleiar Kristen Risnes og underteikna.

Det gjekk tydeleg fram at Rikstad var lite positiv til desse samarbeidsplanene og me ville trekkja oss frå vidare samtalar i møte. Men det vart drøfta vidare for å finna løysingar og i ettertid vart me lova at rådmannen skulle ta kontakt med oss.

Etter dette har me ikkje høyrte noko før dykkar utspel no om nærast utkastning. Me har ingen problem med å forstå at lagerplassen og teltet er uholdbar men syns det er synd at det som Taule foreslo skulle verta velta av Rikstad. Taule har og i ettertid spurd oss om korleis dette har gått og vorte svært overraska når me har sagt korleis det gjekk.

Behovet vårt for slikt lager er plassmangel i bygget vårt i Manger senter. Me vil òg unngå «grovlagring» av kabeltromlar og andre grovare lagervarer som ikkje naturleg høyrer heime i eit butikkmiljø.

Men det er uaktuelt med slikt «B-lager» i stor avstand frå det øvrige installasjonslageret og kontoret. Difor er lokaliseringa i nærområdet som i her nesten ideell bortsett frå å flytta alt til ein samla stad.

Då me ikkje har høyrte noko att frå Radøy kommune har me vurdert andre og ulike løysingar. Både i Radøy, men og i andre kommuner. Det er ikkje til å stikka under ein stol at fleire og fleire av våre kunder er plassert utanfor Radøy sine grenser.

I den samanheng er det naturleg å spørja kva planar kommunen har som vil vera avgjerande for oss i val av framtidig lokalisering av verksemda vår?

Med helsing

  
Konrad Risnes  
Idrettsvegen 9 - 5936 MANGER  
Tlf. 56 34 96 20 Fax 56 34 96 21  
Org.nr. 929 874 390 MVA